

Arkitektkontoret Børteit & Carlsen As  
Hagellia 6  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/2695 - 23/28255

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
14.04.2023

## Førebels svar på søknad - gbnr 305/31 Fløksand

Tiltak: Bruksendring  
Byggjestad: Gbnr: 305/31  
Tiltakshavar: Leif Martin Juliussen  
Ansvarleg søker: Arkitektkontoret Børteit & Carlsen As

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.03.2023. Saka har fått saksnummer 23/2695.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sett i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida.

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.	12 veker
Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5.	12 veker
Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2 og 20-3, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje ligg føre merknader frå naboar	3 veker

<p>/tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (f.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig.</p> <p>Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.</p> <p>For søknad om løyve til tiltak etter § 20-4 gjeld 3 vekersfristen uavhengig av om det ligg føre merknader frå naboar/tverrbuarar. Løyve vert rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.</p>	
Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve.	12 veker
Søknad om igangsetting	3 veker
Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn.	3 veker
Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk.	
Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn.	3 veker
Byggverket kan ikkje takast i bruk dersom fristen ikkje er halden.	

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama. Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Regelverk

- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) kapittel 7, jf. plan- og bygningslova (tbl) § 21-7.
  - Lengre frist kan avtalast, jf. tbl § 21-8.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

## Mottakrar:

Arkitektkontoret Børteit & Carlsen As Hagelia 6 5914 ISDALSTØ